
Vår referanse 2021/19675-4
Dato 27.08.2021

Stryn kommune
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Namn på ein ny tunnel og ei ny bru i Stryn kommune

Vi viser til vårt brev av 26.02.2018 og til dykkar brev av 02.05.2018.

Hovudutval for Vestland fylkeskommune handsama namnesaka i møte i hovudutval for samferdsel og mobilitet 25.05.21 og gjort slikt vedtak i sak 58/2021:

- «1. Den nye tunnelen mellom Veslebygda og Flo på fv. 5722 får namnet Flotunnelen
 2. Den nye brua mellom Veslebygda og Flo på fv. 5722 får namnet Fureelva bru
- Det vert teke atterhald om at stadnamntenesta på Vestlandet godkjenner skrivemåten.»

Vi har motteke brev frå Språkrådet 1. juli 2021. Dei tilrår at namna vert Flotunnelen og Fureelvbrua.

Namn på tunnel

Vi vel å halde på Flotunnelen i samsvar med vedteken skrivemåte, jf. pkt. 1 i vedtaket over.

Namn på bru

Namnet på brua skal vere Fureelvbrua i samsvar med Språkrådet si tilråding.

I tråd med § 9 i forskrift om stadnamn skal fylkeskommunen gjere vedtak om namna. Etter at vedtak er gjort, skal vedtaket sendast Stryn kommune og Stadnamntenesta på Vestlandet til orientering. Stryn kommune skal kunngjere vedtaket og opplyse om klagerett etter forskrift om stadnamn, jf. §§ 9 og 10. Eventuelle klager skal sendast til fylkeskommunen.

Vi ber om at Stryn kommune kunngjer at namna skal vere Flotunnelen og Fureelvbrua og opplyser om klagerett i samsvar med forskrifta.

Med helsing

Dina Johanne Lefdal
avdelingsdirektør

Einar Kvam
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:
Jon Harald Huseklepp